



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.12.2019	146006/2019	Kai Bedringås

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	05.02.2020

Søknad om Klimasats-midlar til konsulent - miljøbussar

Bakgrunn

Rutepakke 2 Nordmøre – Averøy, Kristiansund, Smøla og Aure og rutepakke 3 Molde og Gjemnes skal på anbod i god tid før oppstart av nye buss-kontraktar.

Fylkeskommunedirektøren har behov for å analysere og greie ut moglegheitene for miljøbussar i desse rutepakkene. Fylkeskommunedirektøren vil difor søke Klimasats om midlar for innleie av konsulent. Miljødirektoratet kan gi tilskot via Klimasats til kutt i klimagassar og omstilling til lavutslepps-samfunnet. Klimasats er ei støtteordning for kommunar og fylkeskommunar. Planen er å söke Klimasats om 400 000 kroner for å greie ut handlingsrommet i desse rutepakkene. Søknadsfristen hjå Klimasats er 15. februar 2020.

Rutepakke 2 (Nordmøre) hadde ein totalt utkjørt distanse på 2,88 mill. km (omlag 1 mill. km bynært) og eit estimert CO2-utslepp på omlag 2 900 tonn CO2 i 2018 (antatt eit forbruk lik 0,38 liter diesel per km). Tilsvarande, rutepakke 3 (Molde og Gjemnes) hadde ein totalt utkjørt distanse på 1,2 mill. km (ca. 900 000 km bynært) og eit estimert CO2-utslepp på ca. 1 300 tonn i 2018. Det er fleire depot for rutepakke 2: på Kårvåg på Averøy, ved Wilhelm Dalls gate i Kristiansund, på Smøla og på Aure. Rutepakke 3 har to depot: ved Fannestrandvegen i Molde og i Batnfjorden i Gjemnes kommune. Rutepakke 2 Nordmøre dekker såleis eit større geografisk område, har større ruteproduksjon og fleire depot enn rutepakke 3 Molde/Gjemnes.

Fylkeskommunedirektøren vil utarbeide konkurransegrunnlag for ein konsulent, lyse ut anbodet, vurdere tilboda og gjere innstilling våren 2020. Konsulenten skal etter planen starte i august 2020 og avslutte i november 2020. Kostnaden for konsulent vert maksimalt lik tilskottet frå Klimasats v/Miljødirektoratet. Klimasats kan dekke inntil 75 prosent av kostnaden for prosjektet, resten må fylkeskommunedirektøren dekke. Fylkeskommunedirektøren planlegg eigeninnsats tilsvarande eigenandelen på 25 prosent, dvs. 133 000 kroner i søknaden til Klimasats.

Politiske føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 har som mål at fylkeskommunen skal vere pådrivar for utvikling av miljøvenleg teknologi og vere med på å prøve ut berekraftige, framtidige teknologi-løysingar (ref. kap. 4 Gjennomgåande perspektiv). Fylkesplanen vart vedtatt i sak T-84/16. I den same fylkesplanen står det skrive at (kap. 6 Innsatsområde kompetanse og verdiskaping):

«Møre og Romsdal skal ha ein berekraftig bruk av naturressursane og gjennom det skape grunnlag for verdiskaping der vi har våre fortrinn.

Dei naturgitte fortrinna til Møre og Romsdal er i hovudsak knytt til nærlieken til havet og dei ressursane som finst der, men fylket har også store ressursar innan grøne næringar. God forvaltning og effektiv bruk av ressursane i havrommet har gjort regionen til eit marint og maritimt tyngdepunkt. Møre og Romsdal har òg stor næringsmiddelproduksjon og er eit stort skogfylke. I skjeringspunktet mellom blå og grøn sektor ligg det potensiale for å kople ulike kunnskapsstrømmer og utløyse meir verdiskaping basert på naturressursane.»

Hovudmål 4 i tiltaksplan samferdsel 2019 (tidlegare handlingsprogram samferdsel), ref. sak SA-17/19:

«Transportsektoren skal omstilla mot eit samfunn med lågutslepp, og andre negative miljøkonsekvensar skal minimaliserast» og

Resultatmål 2 under hovudmål 4 i tiltaksplan samferdsel 2019:

«Redusere miljøskadelege utslepp frå transportsektoren vesentleg gjennom driftsavtalar på ferje, buss og hurtigbåt».

Vurdering

Nye energibererar er på veg inn i ulike framkomstmiddel, også bussar. Det har vore ei stor utvikling innan batteri-teknologi som gjer elektrifisering aktuelt. Biogass er ein annan energiberer som kan vere veleigna for tyngre køyretøy for lange distanser. Det er trong for å greie ut moglegheitene for elbussar og gassbussar i dei nemnte bussspakkene. Fylkeskommunedirektøren kjenner til at gassbussar går i ruteproduksjon i blant anna Trøndelag og Vestfold. Biokraft har satt i gang produksjon av biogass (nærare bestemt flytande biogass – forkorta LBG - Liquefied Bio Gas) i Skogn, og leverer gass til blant anna gassbussane i Trondheim. Det vil vere nyttig å få oppdatert kunnskap om pris for innkjøp av miljøbussar og pris for drivstoff (både el. og biogass). Det er også behov for å finne ut om eksisterande depot er veleigna for nye energibererar, eller om ein må vurdere å plassere depot andre stader.

For å kunne beskrive miljøtiltak, må fylkeskommunedirektøren ha kunnskap om teknologiane, ha ei mening om handlingsrommet i fylket for desse teknologiane og ikkje minst få kjennskap til kostnadene.

Fylkeskommunedirektøren vil hevde at søknaden om midlar frå Klimasats er i samsvar med vedtatte politiske føringar.

Forslag til vedtak:

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren om å söke 400 000 kroner frå Klimasats i 2020 for utgreiing av moglegheitsrommet for alternative energibererar i komande bussanbod for rutepakke 2 Nordmøre – Averøy, Kristiansund, Smøla og Aure og rutepakke 3 Molde og Gjemnes.

Arild Fuglseth
samferdselsdirektør